

**DELEGERT VEDTAK**

Nordhordland Næringshage  
Att. Elisabeth Tonheim  
Mastrevik Torg  
5943 AUSTRHEIM

Delegert saksnr	Utval	Vedtaksdato:
???	Delegert rådmann	11.02.2014

**Søknad om støtte til bedriftsutvikling/etablering****Dokument i saka:**

Søknad frå Nordhordland Næringshage v/ prosjektleiar Elisabeth Tonheim

**Saksopplysningar/vurdering:**

Prosjektansvarleg er Nordhordland Næringshage, medan Elisabeth Tonheim er leigd inn som prosjektleiar for prosjektet «*Lindåsbygda og slusene – frå oske til Eld*».

Frå å vere ei hamn for handel og ferdsel i gamle tider, har Lindåsbygda flytta sentrum og bustader, handel og service opp langs hovudvegen. Nedre Lindås har likevel eit stort potensial for utvikling av både næringsliv, innbyggjarar og besøkande.

«*Lindåsbygda og slusene – frå oske til Eld*» skal samle bygda til felles aktivitetar for både nye og eksisterande innbyggjarar. I dag driv kvar og ein med sitt. Ifølgje projektskildringa, er potensialet som ligg i samarbeid på tvers av aktørar i stor grad uutnytta. Dette har prosjektet som mål å ta tak i.

Hovudmålet til prosjektet er å:

- Leggje til rette for oppleving av slusene
- Synleggjere det unike bygda kan tilby
- Auke næringsgrunnlag for kulturaktørar og småverksemdar gjennom samarbeid med reiseliv
- Auke næringsgrunnlag for reiseliv gjennom å tilby nyskapande opplevingar

Næringsfondet til Lindås kommune er eit verkemiddel for å fremje, styrke og profilere næringsliv og sysselsetting i kommunen. Ifølgje vedtektene kan støtte til

bedriftsutvikling/etablering nyttast, særleg når det gjeld tiltak som fremjar nyskapning og innovasjon og tiltak som fremjar samarbeid mellom bedrifter (nettverk). Begge desse vilkåra er gjeldande i dette prosjektet.

Kultursjef og næringsjef/samfunnsutviklar i kommunen har følgd prosjektet sidan starten, og er imponert over vilja til å få noko til blant prosjektdeltakarane. Prosjektet har mobilisert og samla aktørar heilt sidan starten vinteren 2013. Kommunen har store forventningar til prosjektet.

Prosjektet er også tatt opp som eit assosiert LivOgLyst-prosjekt, som er administrert og koordinert frå Hordaland fylkeskommune. Gjennom det same programmet, har prosjektet fått eit kontaktbidrag/stimuleringstilskot på 40.000 kroner. Prosjektet får i tillegg tett oppfølging, kompetansetiltak, nettverk og erfaringar.

Når ein er assosiert LivOgLyst-prosjekt, kan ein vera heldig å gå vidare til eit ordinært LivOgLyst-prosjekt. Desse kan anten vere eittårige (utviklingsprosjekt) eller treårige (hovudprosjekt). Med ein slik status, kjem ein tyngre finansiering. Dei aktuelle kommunane må medverke med minst 30.000 kroner årleg til hovudprojekta.

Næringsfondet til Lindås kommune kan vere med på å finansiere sjølve prosjektleiinga. Når det gjeld støtte til konkrete kulturfaglege og andre aktivitetar, rår Lindås til at prosjektleiinga søker støtte hos andre finansieringspartnerar, t.d. kultur i Lindås kommune m.fl. Kommunen er vidare positiv til å vere med på finansieringa på eit seinare stadium, t.d. når/viss prosjektet vert tatt opp som eit hovudprosjekt i LivOgLyst. Om dette vert aktuelt, må saka opp til politisk handsaming.

Saldo på næringsfondet pr 10.02.14, etter denne tildelinga, er 926.503 kroner.

#### **Delegert vedtak:**

Lindås kommune støttar søknaden frå Nordhordland Næringshage med 50.000 kroner. Midlane skal hentast frå Lindås kommune sitt næringsfond.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.*

*Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Hogne Haugsdal

Øystein Sørhaug

Konst. rådmann

Saksbehandlar

Kopi til:  
Rekneskapsavd., her